



J. TUFTELAND AS
Postboks 131

5401 STORD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Ingo Bewer	476 55 391	2018/2453-53		20.10.2020

Svar på mottatt dokument i.h.t. oppdatert plankart, planomtale og føresegner

Hei, visar til dokumentet frå den 19.10.20, mottatt i dag den 20.10.20.

Administrasjon i Kvinnherad kommune undra seg over ein del mangel.

Den 15.05.20 vart det sendt brev til Tufteland AS i.h.t. ein mulig dialogmøte hos Fylkesmannen. I brevet ynska vi fagleg støtte for å kunne argumentere og ny vurdere utlagt planforslag. Den 19.05.20 og den 23.06.20 vart det sendt alle innkomne merknadar til orientering men også med ynskje om merknadshandsaming til Tufteland. I brevet står det m.a. :

«(...) Eining for samfunnsutvikling/plan på Kvinnherad kommune ynskjer at J. Tufteland AS tar stilling til innkomne merknader, går i dialog og prøver å samordna privatrettslege forhold mellom samtlege grunneigar, diskuterer vidare framgang med administrasjonen i Kvinnherad Kommune og sender den reviderte planen + føresegner eventuelt tilbake til oss (krav: aktuell SOSI-standard 4.5). Vi gjer dessutan merksam på at NVE ikkje har uttalt seg utover den generelle tilbakemelding og visar særleg til Fylkesmannen, men også til Vestland fylkeskommunen og Statens vegvesen sine merknader, samt brevet frå diverse naboar. Før planen kan bli behandla vidare må ein revidere planforslaget og kommunen må gå i tett dialog med fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune. (...).».

Vi fikk aldri eit svar på våre brev før i dag. Vi etterlyser både eit oversendingsdokument med ein opplisting av alle revisjonar som blir gjort i plankart, føresegner og planomtale og ein merknadshandsaming, der ein vurdere alle merknadar.

Har dere vore i kontakt med naboar for eksempel Hilde Merethe Lande Lie v/ advokat Siri Øvstebø? Dette og ein dokumentasjon om kontakten, kan vere vesentleg for å omgå mulige misforståelsar eller t.o.m. klagar seinare. Har dere vurdert mulige faremomenter som NVE kunne/burde uttale seg til?

Administrasjon er nødt til å sende ein god utgreiing til Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Statens vegvesen m.m. for at Fylkesmannen ikkje fremja motsegn og saken ikkje havna i ein meklingsprosess seinare.

Dessutan manglar det SOSI-fil til plankartet; alltid nå ein plankart vert revidert i planprosessar, skal oppdatert SOSI-fil sendast til kommunen – dette er lovpålagt.

Planen.

Vi ber om oppfølging, om det er spørsmål i.h.t. ovanstående er vi open til ein dialog.

Med venleg helsing

Ingo Bewer

Planleggjar priv. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarar:

J. TUFTELAND AS